

HØYRINGSFRÅSEGN – FORSLAG TIL ENDRING I LOV OM STADNAMN

I høyringsnotatet frå Kulturdepartementet blir det sagt at «Det er spesielt der eiers etternavn har en skrivemåte som avviker fra gjeldende rettskrivingsprinsipper, at man ser det oppstår problemer» (s. 3 i notatet). Det blir ikkje forklart korleis desse problema artar seg, men det har kome fram, ma. gjennom klager til Klagenemnda for stadnamnsaker, at folk som skriv slektsnamnet sitt på 1700-talsmanér (td. med stumme h-ar og e-ar), stundom vil at stadnamnet (gardsnamn, bruksnamn) som slektsnamnet har opphav i, skal skrivast på same vis. Dette legg den føreslegne endringa opp til at dei no skal kunna gjera. Endringsforslaget seier at «Eigar eller festar har det avgjerande ordet i saker som gjeld bruksnamn» (§ 6) og «Dersom eigar eller festar kan dokumentere offentlig bruk av ein ønskt skrivemåte på bruksnamn, skal denne leggjast til grunn» (§ 8). I § 8 i endringsframlegget tek ein også bort kravet om at skrivemåten for gardsnamn og bruksnamn skal vera den same.

Det kan sjå ut som endringsframlegget botnar i eit ynskje om å lata folk få identiske skrivemåtar av bruksnamn og slektsnamn, fordi det er «en særskilt kobling mellom bruksnavnet på en eiendom og eiers etternavn» (s. 3 i notatet). Det er det, på den måten at i mange tilfelle har eigaren eit slektsnamn som er identisk med gards- eller bruksnamnet der han bur, eller med ei eldre skriftform av det (såkalla «sorenskrivarnamn»). Men det betyr ikkje at dei er identiske storleikar. Faste etternavn vart ikkje lovfesta i Noreg før i 1923, og før det hadde gardsnamnet meir ein adressefunksjon.

Men i all regulering av norske stadnamn, frå matrikkelen av 1886, over Kongeleg resolusjon om skrivemåten av stadnamn frå 1933, Kronprinsregentens resolusjon frå 1957 og i seinare lovarbeid, har det grunnleggjande prinsippet vore at norske stadnamn (herunder gards- og bruksnamn) skal skrivast etter norske rettskrivingsprinsipp (jf. kort utgreiing i departementets notat).

Slektsnamna, derimot, blir svært ofte skrivne med den forelda ortografien. Av den grunn finst det mange fleire som ber etternamnet *Aasen* enn *Åsen*, fleire *Hoel* enn *Hol* og


fleire *Lohne* enn *Lone* (sjå «Hvor mange heter», <http://www.ssb.no/navn/>).¹ Medvitet om at stadnamn og slektsnamn er to ulike storleikar, juridisk, historisk og onomastisk (namnefagleg), har vore heller veikt. Diverre ser dette veike eller manglande medvitet ut til å vera ein viktig premiss for endringsforslaget.

Dersom dei føreslegne endringane blir gjorde til lov, vil me få sjå mange *Aasen*, *Hoel* og *Lohne* i landskapet etterkvart. Gardsnamna skal rett nok framleis vera *Åsen*, *Hol* og *Lone*. Men kva er ein gard, anna enn summen av dei bruka som utgjer matrikkelgarden? På matrikkelgarden *Vik* kan ein i framtida få bruksnamn som *Vig*, *Viig*, *Wik*, *Wiik* og kanskje endå fleire. Det vil kunna føra til svært uoversiktlege og forvirrande tilstandar. Når det har vist seg vanskeleg å få ålmenta til å innsjå skilnaden på slektsnamn (personnamn) og gardsnamn (stadnamn), er det ingen rimeleg grunn til å tru at det vil bli lettare å få fram skilnaden på gardsnamn og bruksnamn.

- Endringsframlegget bryt med ein meir enn 100 år gamal tradisjonen i norsk stadnamnormering.
- Norske stadnamn er ein felles arv for innbyggjarane i det gjevne lokalsamfunnet og i storsamfunnet Noreg. Norske myndigheiter bør kjenna ansvar for å ivareta denne kulturarven.
- Bruksnamn er stadnamn, og av den grunn bør ikkje skrivemåten av dei overlatast til dei enkeltpersonar som til ei kvar tid slumpar til å bu på det aktuelle bruket.

Derfor vil Universitetet i Agder sterkt rå ifrå å gjennomføra dei føreslegne endringane i Lov om stadnamn.

For Universitetet i Agder



Gudlaug Nedrelid

Professor, dr. philos.

¹Dei tre døma illustrerer typiske avvik som dobbel /a/ mot bolle-å, former med og utan stum /e/ og former med og utan stum /h/.